

Sentralbord: 55 21 33 00
Telefaks: 55 21 33 01
Red. e. kl. 16.00: 55 21 33 13
 Bontelabo 2, 2. etasje
 N-5003 Bergen

Tromsø:
Telefon: 77 66 56 80
Telefaks: 77 66 56 90
Bodø:
Telefon: 75 54 49 21
Telefax: 75 54 49 27

Ålesund:
Telefon: 70 15 65 45
Telefaks: 70 15 65 47
Leknes i Lofoten:
Telefon: 76 08 24 90
Telefax: 76 08 27 06

Bø i Vesterålen
Telefon: 76 13 55 15
Telefax: 76 13 55 16

redaksjonen@fiskaren.no
annonsen@fiskaren.no
abonnement@fiskaren.no

Skal kartlegge det engelske «Atlantis»

Bergen: Kring 15 mil nord for London, i grevskapet Suffolk, ligg den vesle landsbyen Dunwich. Og på grunna rett utanfor stranda der, ligg restane av ein travel hamneby som på 1400-talet var like stor som London, fortel forskning.no. For 1500 år sidan var Dunwich hovudstad i East Anglia.

Nedgangstidene byrja i året

1286 då ei flodbølge råka kysten. Brenningar frå Nordsjøen har seinare gnaga på lausmasene og har ete seg to kilometer innover den engelske austkysten.

Sjølv om sjøen er grunn her, er det vanskeleg å dykke. Siktene er lik null på grunn av ureint vatn. Og sterke undervassstraumar og mange gamle

fiskegarn og tauverk gjer plassen til eit mareritt for dykkarar. Så når vitskapsfolk frå universitetet i Sothhampton no skal leite etter denne Englands «Atlantis», tek dei i bruk sonar, fortel forskingsleiar Davis Sear.

Forskarane reknar ikkje med å finne heile bygningane der nede under vassytta, berre

steinblokker. Restane av middelaldersbyen vart oppdagat i 1970 av dykkaren Stuart Bacon. Det han skimta på havbotnen og gamle kart har fått forskarane til å tru at det finst restar av minst to kyrkjer og eit kloster på havbotnen ved Dunwich.

Kartlegginga av ruinane vil ta til denne sommaren.



KRILLJAKT: Nick Guy og Roger Munns (t.h.) jaktar krill med kamera om bord i G. O. Sars. Førrebels har dei ikkje sett anna enn flott natur, sel og reinsdyr!

FOTO: HI

BBC er på krilljakt

Bergen: Fotografar frå BBC er i desse dagar med «G. O. Sars» i Sørishavet. Her skal dei filme krill med undervasskamera. Så langt har resultatet vore magert.

Helge Arild Bolstad
 helge.bolstad@fiskaren.no

Oppgåva til fotografane Roger Munns og Nick Guy er ikkje av det nett daglegdagse slaget. Dei skal ikkje berre filme krillen, men aller helst medan den vert angripen av dyr og fisk som lever av den slags mat.

«Proffe» journalistar
 - Det er ei stor utfordring Munns og Guy står overfor.

Ifølgje forskarane om bord skal mykje klaffe før dette går i boks, rapporterer Kjartan Mæstad, kommunikasjonsrådgjevar ved HI, frå G. O. Sars.

Nett no ligg forskingsfartøyet og set i stand ekkolodd og sonar i ein fjord på Sør-Georgia, og det er lite sannsynleg at fotografane finn krill i desse fjordarmane, fortel Mæstad.

Fuglar viser veg
 Men dette er «proffe» journalistar. - Ser me ikkje etter, får me i alle fall ikkje biletet, forklarar Munns før dei går ned i sjøen med undervasskamera sine.

Dei er elles godt budde på korleis dei kan finne det dei ser etter.

- Me speidar etter dei fuglar som me har lært oss lever av krill.

Ifølgje dei to britane skal det vere dårleg med biletet av levande krill. BBC

ønskjer seg sånne biletet til ei storsatsing som har fått namnet Life (Liv). Programserien skal først sendast om eit par år.

Men teikn til krill har det vore lite av ved Sør-Georgia så langt. Derimot er det flust med sel. Så dei to fotografane brukar tida til å filme selen i leik i sjøen og inne på land.

Inne i ei bukt er det jamvel

nokre reinsdyr som går og beitar mellom selane.

Det var norske kvalfangarar som tok med seg ein liten flokk reinsdyr til Sør-Georgia den tid det var kvalstasjon her. Dette har no utvikla seg til ein bestand på kring 3.000 dyr, fortel Kjartan Mæstad.

Lever i håpet

Dei to britane øver seg elles kvar dag i sjøen. Dei treng slike gjennomkjøringar, og kanskje, kanskje finn dei krillen, óg. For dei veit godt at det kan bli vanskeleg å få gode biletet seinare.

Dei er heilt avhengig av at det let seg gjøre å setje ut MOB-båten på det opne havet. Det kan medføre store problem i Sørishavet, det er dei to innforståtte med.

- Me lever i håpet, konstaterer Munns og Guy.

25 år:

Fylkesmannen i Finnmark har i et brev uttrykt stor misnøye med Fiskeridepartementets forvalting av kystsel. Fylkesmannen ber Miljøverndepartementet ta over ansvaret for jakt og fredningsbestemmelser for kystsel.

Fiskaren 25. jan. 1983

plukkfisk:

Den kvinnelege

- Sjå her, sa Olga stolt og viste fram eit biletet av seg sjølv på mor sin arm. - Slik såg eg ut for 30 år sidan.

- Fantastisk, repliserte Elsa. - Og kven sitt barn er det du held på armen!

Den giftige

Butikkeigaren som hadde vore ungkar i mange år, gifta seg brått og ved det høvet hengde han opp ein plakat på butikkdøra: «Stengd i dag på grunn av giftarmål». Då han møtte fram i butikken morgonen etter hadde nokon hengt opp ein annan plakat: «Opnar i morgen under ny leing!»

Den vonde

Pasient til tannlegen etter at han hadde kome ut or stolen: - Dette vil nok gjøre ein smule vondt. Eg kan ikkje betale rekninga!

Den forsettlege

- På nyårveldene lova eg kona at eg aldri skulle vede om noko som helst dette året.
 - Det greier du aldri å halde.
 - Jasså. Skal me vedde?!

Den begravde

- Jeg hørte at den ti år gamle krangelen melom Pettersen og Olsen endelig er slutt. Har de begravd stridsøksa?

- Nei, de har begravd pettersen!

Den gastronomie

- Nå kan du ta bildekket ut av ovnen skatten min. Gjestene husket plutselig på at de hadde en middagssavtale et helt annet sted!